



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref
2019/18949-5

Vår ref
19/65-

Dato
02 MAI 2019

E39 Vågsbotn - Klauvaneset - lokale prioriteringar

Eg viser til brev av 11. mars 2019 frå Regionrådet Nordhordland og Bergen kommune samt brev av 12. april 2019 frå Bergen kommune. I begge breva er det vist til behovet for å prioritere rask oppstart av prosjektet E39 Vågsbotn – Klauvaneset.

Som kjent er prosjektet prioritert for oppstart i siste seksårsperiode av Nasjonal transportplan 2018-2029. Arbeidet med kommunedelplan er i gang med sikte på lokalpolitiske vedtak i løpet av 2020. Eg har merka meg innspela frå Regionrådet Nordhordland og Bergen kommune.

Eg viser til at Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune deltek i den politiske kontaktgruppa som er oppretta i arbeidet med ny Nasjonal transportplan for perioden 2022-2033. I første omgang er fylkeskommunen og kommunen invitert til å kome med innspel om dei viktigaste utfordringane på transportområdet. Framover ønskjer eg å leggje til rette for ein god dialog om ny Nasjonal transportplan gjennom kontaktgruppa.

Med helsing



Jon Georg Dale

Adresseliste
Bergen kommune
Regionrådet for Nordhordland